

Fra: Mads Løkeland <mads.loekeland@gmail.com>
Sendt: 3. april 2018 07:52
Til: Roald Furuli; JoarRegnskap; johnnydanielsen@gmail.com; Torbjørn Brandt; Vigdis Bye Olsen
Emne: Kontrollutvalet - eventuell vurdering av saker

Hei, og vel overstått påske

Vi har sett litt på eit par saker; prosessen rundt nytt kulturhus og oppdeling av Orkdal Energi, og vi lurar på om det er grunnlag for å sjå nærare på desse sakene, om det er noko for Kontrollutvalget å vurdere.

Beste helsing

Vigdis og Mads

Sak	Omtale
Kulturhus	Formannskapet gjekk 20.03.18 einstemmig inn for samarbeid med Salvesen og Thams. Er det i strid med regelverket for offentlege anskaffelser å ikkje gå breitt ut med anbodsinnbyding, slik at også andre utbyggjarar kan melde interesse?
Orkdal Energi	Regjeringa påla i 2016 alle energiselskap å dele opp verksemda si i nettselskap og energiselskap, med frist 2021. Orkdal kommune kasta seg med ein gong på dette, og har allereie gjennomført ei oppdeling i tre selskap på el-sida og to selskap i tillegg: Nettselskap: Orkdal Energi nett, Kraftsalg: Orkdal Energi og Kraftproduksjon: Orkdal Energi produksjon. (Og i tillegg Orkdal Energi fjernvarme og Orkdal Energi Holding) Denne omorganiseringa skal ha kosta rundt 3 millionar, og drift av fleire små selskap på el-sida er vesentleg dyrare enn om dei var slått saman. No har regjeringa nettopp vedteke at selskap med mindre enn 30.000 abonnentar slepp å dele opp nett og energi likevel. Dermed var oppdelinga av Orkdal Energi unødvendig. To spørsmål: 1. <u>Kvifor kasta kommunen seg på den kostbare oppdelinga med ein gong, lenge før fristen, og mens det enno var sterk debatt, og stor innsats frå Energi Norge mot at dette pålegget også skulle gjelde små energiselskap? Er det grunnlag for å sjå på dette?</u> 2. <u>Er det grunnlag for å sjå på om kommunen bør vende seg til departementet og krevja tilbakebetalt kostnadane for oppdeling og krevja betaling for kostnader for eventuell ny samanslåing?</u>